

# Saksgrunnlag til Strategisk samarbeidsutvalg (SSU)

Tittel på sak	Revidert særavtale til Tenesteavtale 11 - Særavtale ved pandemi, med tilhørende rettleiar
Dato	18.03.24.
Saksinnmeldar	Pandemikoordineringsgruppa
Saksnummer	07/24

## Bakgrunn

I Strategisk samarbeidsutval (SSU) sitt møte 1. juni 2023, då status handlingsplan vart drøfta, tilrådde SSU at den opphavelige koordineringsgruppa burde få oppdraget med å sjå på avtalen som låg til grunn for samarbeidet og handteringa av covid-19 pandemien og vurderer behov for endring av gjeldande særavtale for å være best mogeleg forberedt til å handtere komande pandemiar eller andre hendingar.

Arbeidsgruppa hadde sitt fyrste møte 29.09.23, og har sidan gjennomført to møter (15.11. Og 05.03.24). Therese Folgerø, OU Nordhordland, har leia arbeidet. Etter årsskiftet overtok Inger Uglenes leinga av arbeidet som då i hovudsak har omhandla ferdigstilling av ein tilhørende rettleiar.

Gruppa etablerte eit arbeidsutval (AU) som har bestått av Therese Folgerø, Arild Iversen, Brit Pedersen, Grete Lill Hjartnes, Anne Kvalheim (SSe).

## Følgande representantar har delteke i arbeidet:

Therese Folgerø, Mona Solbjørg Molland (OU Nordhordland)

Trond Egil Hansen, Marit Voltersvik (OU Bergen)

Knut Arne Wensaas, fastlege

Inger Uglenes, Anne Halhjem (OU Bergensregionen)

Kjersti Nordanger, Eystein Hauge, (OU Voss)

Rebecca Ljosland (Haraldsplass Diakonale Sykehus)

Randi-Luise Møgster, Grete Lill Hjartnes, Brit Pedersen (Helse Bergen)

Arild Iversen (Bergen kommune) Invitert inn i arbeidet av leder av gruppa, Therese Folgerø, (Arild Iversen har ført arbeidet i pennen)

Anne Kvalheim (SSe)

## Tilnærming:

Arbeidsgruppa har med bakgrunn og utgangspunkt i eksisterande særavtale, samt erfaringar frå samarbeidet under covid-19 pandemien, innleiingsvis drøfta behovet for endringar ut får følgande spørsmål:

Er formålet med avtalen dekkande?

Er avtalen formulert slik at den legg til rette for at formålet blir oppfylt?

Er arbeidsforma (med en koordineringsgruppe) slik den er skissert egna for å oppfylle formålet/behovet?

Korleis har forankringa vore i dei ulike organisasjonane?



Kva har mangla i avtalen?

Kva i avtalen har det ikkje vore fokus på?

Representantane i arbeidsgruppa har og gjennomført ein enkel kartlegging i eigen organisasjon for å innhente innspel og kommentarar til revisjonsarbeidet.

Innkomne innspel vart drøfte og vurdert av koordineringsgruppa.

### Vurdering/drøfting

Arbeidsgruppa legg no fram endeleg utkast til revidert særavtale (til Tenesteavtale 11):

*Samarbeid ved pandemi*, sjå vedlegg 1.

Arbeidsgruppa har hatt mål om å lage ein avtale som gir tydelege rammer for samarbeid ved pandemi, men likevel ta høgde for og gje rom for fleksibilitet og moglegheit for å en dynamisk og hensiktsmessig tilnærming i samarbeidet, avhengig av kva som kan komme til å "treffe oss" og krevje av samarbeid.

I tillegg har arbeidsgruppa utarbeidd ein rettleiar tilhøyrande særavtaleutkastet. Rettleiaren er ikkje eit juridisk bindande dokument, men meint som en oppsummering av viktige erfaringar og grep som ikkje ville være hensiktsmessig å legge inn i avtaleteksten, men som likevel kan være nyttig for framtida. (Sjå vedlegg 2. *Rettleiar til avtale om samarbeid om pandemi*.)

Arbeidsgruppa legg no fram for SSU både utkast til revidert særavtale og tilhøyrande rettleiar.

### Forslag til vedtak

- Strategisk samarbeidsutval takkar koordineringsgruppa for godt arbeid.
- Strategisk samarbeidsutval tilrår at revidert særavtale til Tenesteavtale 11 Samarbeid ved pandemi, samt tilhøyrande rettleiar vert sendt partane for signering, med frist innan juni 2024. Avtaleheirarkiet i helsefellesskapet tilseier at ein særavtale kan signerast administrativt, men dette er opp til den enkelte kommune og sjukehus å vurdere.
- Strategisk samarbeidsutval ber Samarbeidssekretariatet om at signert særavtale med tilhøyrande rettleiar blir publisert på saman.no så raskt som mogeleg.

